



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4604 - 21/34258

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
21.05.2021

## **Innvilga konsesjon ved overtaking av fast eigedom gbnr 160/160 Austrheim**

### **Vedtak:**

"Austrheim kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Odd Haugen for overtaking av GBNR 160/160 i Austrheim. Teigen skal samanføyast med GBNR 156/4. Den avtala kjøpesummen er på kr 900 000.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga under."

Kopi av vedtaket vert oversendt kartavdeling for føring i matrikkelen.

### **Saksopplysningar:**

Odd Haugen søker konsesjon for overtaking av GBNR 160/160 i Austrheim. Tidlegare eigarar er Håkon Øksnes. Kjøpesummen er oppgitt til å vera 900 000.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Føremålet med kjøpet er tilleggsjord som skal brukast til ny driftsbygning og beite. Teigen skal samanføyast med GBNR 156/4.

Det er tidlegare gitt delingsløyve etter jordlova og plan- og bygningslova til å dela av eit 92 dekar stort areal frå landbrukseigedomen GBNR 160/3 Rebnor og det er denne teigen som har fått gbnr

160/160 og no vert søkt konsesjon for. Det vert sett som vilkår at arealet vert samanføynd med GBNR 156/4.

Søkjær eig frå før fleire andre eigedomar GBNR

G128/94,111,129/25,130/150,151,152,147/100,156/4,82,143,169,160/124,161/71,74.

Han driv i samdrift med ammekyr og ungdyr. Driftseininga har eit total areal på om lag 520 daa.

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

GBNR 160/60 er i følgje gardskart 92 dekar og består av 24,3 dekar jorddekt fastmark, 19 dekar myr resten skrin fastmark.

## Vurdering

Søknaden har vore vurdert etter konsesjonslova §§ 1, 9 og 11 og rundskriv M-2/2017 konsesjon og buplikt.

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggest særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjær:

1. *om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*

Det går fram av rundskriv M2/2017 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord ikkje er underlagt noko krav om priskontroll. Denne eigedomen fell inn under dette.

2. *om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området*

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er mindre enn 100 daa og ubebygd. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. Bruket vert kjøpt som tilleggsjord og det er difor ikkje aktuelt å setja vilkår om buplikt

3. *om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*

Det er eit nasjonalt mål å byggja opp større driftseiningar i landbruket. I jordlovsbehandlinga er det vurdert at deling og samanføyning vil gje ei driftsmessig god løysing, og dette vert lagt til grunn i konsesjonsvurderinga.

4. *om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.*

Søkjær driv jordbruksdrift i dag og vert vurdert som godt skikka til å drive eigedomen.

5. *Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*

Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Teigen som vert kjøpt har lagt ubrukt i lang tid og det vil vera positivt at den kjem i drift. Det er vurdert at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

*Konklusjon*

Overtaking vil gje ei driftsmessig god løysing fordi konsesjonssøkjær ynskjer å bruka arealet som tilleggsjord til sin eigedom. Rådmannen meiner at omsyn til heilskapleg ressursforvaltning, og kulturlandskapet vert godt ivareteke. Dette er i samsvar med dei føremåla som lova skal sikre.

Rådmannen vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve konsesjon som omsøkt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Håkon Øksnes	Søre Straumshaugane 15	5953	FONNES
Odd Håkon Haugen	Hoplandssjøen 59	5943	AUSTRHEIM